Jotunheimen nasjonalpark
Utladalen landskapsvernområde



ÅRSMELDING 2004

Statens naturoppsyn – Jotunheimen
Fylkesmannen i Oppland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

ÅRSMELDING 2004
Statens naturoppsyn – Jotunheimen Fylkesmannen i Oppland Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Jotunheimen nasjonalpark Utladalen landskapsvernområde

Årsmelding 2004

Føreord

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart oppretta i 1980. Den første årsmeldinga for verneområda kom i 1991 og har sidan vore årleg. Dette er såleis den 14. årsmeldinga frå området. Årsmeldinga for 2004 er i hovudsak utforma etter den malen som har vore nytta dei siste åra. Som tidlegare byggjer meldinga i fyrste rekkje på registreringar og inntrykk frå dei som har drive uteaktivitet/oppsyn. Fylkesmannen i Oppland og fylkesmannen i Sogn og Fjordane står for den delen av årsmeldinga som gjeld utøving av forvaltningsmynde. Hovudformålet med årsmeldinga er å gje ei samla framstilling av det arbeidet som er utført, forvaltningssituasjonen, bruken av områda og dei naturfaglege tilhøva i Jotunheimen og Utladalen.

Opplaget er på 110 eksemplar.

Statens naturoppsyn -Jotunheimen
Fylkesmannen i Oppland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

SNO – R 20 – 2005

Framsidebilde: Skogadalen mot Storen
Foto: Esben Bø

INNHALD

1. Innleiing **s. 3**

2. Administrasjon **s. 4**

2.1. Forvaltning s. 4
2.2. Organisering av naturoppsynet s. 4
2.3. Personell s. 5
2.4. Møte/synfaringar/kurs som direkte vedkjem forvaltning og oppsyn s. 5
2.5. Arbeidssamandrag s. 7

3. Status og aktivitet **s. 7**

3.1. Grenser og grensemerking s. 7
3.2. Endring av verneforskrift s. 7
3.3. Forvaltningsplan og skjøtselsplanar s. 8
3.4. Informasjon, skjøtsel og tiltak s. 9
3.4.1. Informasjon s. 9
3.4.2. Skjøtsel/tilrettelegging s. 10
3.4.3. Registrering/dokumentasjon s. 11
3.5. Tiltak som har fått særlege tilskot s. 11
3.6. Sakshandsaming s. 12
3.7. Ferdsel s. 12
3.7.1. Ferdsel til fots og på ski s. 12
3.7.2. Motorferdsel s. 13
3.8. Reiseliv/kommersiell verksemd/arrangement s. 14
3.9 Landbruk s. 14
3.10. Dyr, fugleliv og jakt s. 14
3.11. Bygging og andre inngrep s. 15
3.12. Forsking/registrering s. 15
3.13. Forsøpling, skader og ulemper s. 15

4. Hovudinntrykk frå nasjonalparken og landskapsvernområdet i 2004 **s. 16**

Vedlegg: Adresser til tilsynsutval i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde s. 17

Adresser og telefon til fylkesmenn s. 17

Adresser og telefon til oppsyn s. 18

Internettadresser s. 18

1. Innleiing

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart vedteken ved Kgl. res. 05.12.80. Verneområda ligg i kommunane Lom, Vågå og Vang i Oppland fylke og i kommunane Årdal og Luster i Sogn og Fjordane fylke. Arealet utgjer i alt omlag 1.450 km ^{2}.

I samband med fredingsvedtaket vart det vedteke verneforskrifter for områda. Formålet med Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde går fram frå verneforskriftene pkt. III:

"Formålet med nasjonalparken er å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forsking."

"Formålet med landskapsvernområdet er å verne eit vilt og vakkert vestlandslandslandskap med naturmiljø og kulturminne i tilknyting til Jotunheimen nasjonalpark, samstundes som områda skal kunna nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske."

Formålet med vernet er retningsgjevande for forvaltninga av områda. Oppsynsarbeid, medteke skjøtsel og informasjon, skal fremje formålet med vernet.

Det vart utarbeidt eigen forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsverneområde i 1998.

2. Administrasjon

2.1. Forvaltning

Lov om Statleg naturoppsyn vart vedteken 21.06.96. Statens naturoppsyn (SNO) vart oppretta ved Kgl.res. 25.10.96. Med bakgrunn i dette og med heimel i vernereglane pkt. V, vedtok Miljøverndepartementet i brev dagsett 27.03.98 at frå og med 01.04.98 er Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Oppland forvaltningsstyresmakt for Jotunheimen nasjonalpark. Vidare at Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er forvaltningsstyresmakt for Utladalen landskapsvernområde.

I kvar kommune (Årdal, Luster, Lom, Vågå og Vang) som har areal i verneområda er det eit tilsynsutval. Endringa i forvaltningsstyresmakta i nemnde brev dagsett 27.03.98 frå Miljøverndepartementet, endra ikkje tilsynsutvala si rolle i forvaltninga av verneområda. Utvala er statlege, men blir valde av dei einskilde kommunane. Det er eigne retningsliner for tilsynsutvala si verksemd. Dei har uttalerett i dei fleste sakene i verneforskriftene. Utvala skal følgje med i at forvaltninga skjer i samsvar med intensjonane. I tillegg til at tilsynsutvala har eigne møte har dei eit fellesmøte kvart år. Der blir tilhøva i verneområda, forvaltning og oppsyn evaluert og diskutert.

2.2. Organisering av naturoppsynet

Formålet med SNO er å ivareta nasjonale miljøverdiar og førebyggje miljøkriminalitet. SNO skal ikkje gjera vedtak etter verneforskrifta, men drive oppsyn etter lov om statleg naturoppsyn, det vil seie utøve oppsyn etter 7 særlover (lakse- og innlandsfiskelova, viltlova, naturvernlova, motorferdsellova, friluftslova, kulturminnelova og delar av forureiningslova) og gje rettleiing og informasjon. Vidare kan SNO drive skjøtsel, registrering og dokumentasjon i tillegg til at Miljøverndepartementet kan gje andre oppgåver. Når forvaltningsstyresmaktene ønskjer det gir SNO faglege innspel til sakshandsaminga (lokalt, regionalt eller nasjonalt). Dette kan til dømes vere innspel om naturtilhøva i eit område.

SNO er organisert som ei eiga avdeling i Direktoratet for naturforvaltning i Trondheim. Til saman var det pr. 31.12.04 i alt 44 lokale SNO-stillingar. Desse er knytt til dei store verneområda i Sør-Noreg, verneområda på kysten, som koordinatorar for rovviltarbeid og arbeid med skadefelling. SNO har ein samarbeidsavtale med Statskog om kjøp av oppsynstenester frå Fjelltjenesten i Nord-Norge. I tillegg vert det kjøpt inn tenester frå andre aktørar som fjellstyra og Skjærgårdstjenesten. I rovviltarbeidet er det engasjert om lag 215 rovviltkontaktar. Til saman, utrekna i årsverk, utgjer eigne tilsette og innkjøpte tenester/engasjerte i alt om lag 85-90 årsverk.

Arbeidsoppgåvene til SNO i nasjonalparken/landskapsvernområdet dekkjer eit vidt fagfelt:

- ivareta nasjonale miljøoppgåver
- kontroll i høve til lover, forskrifter og anna regelverk
- førebyggje miljøkriminalitet
- rettleiing og informasjon
- praktiske skjøtselsoppgåver av ulik art
- registrering og dokumentasjon
- opplærings- og kompetansetiltak
- samordning av ulike oppsynsordningar

Arbeidsoppgåvene blir prioritert og utført med bakgrunn i sentrale føringar, innspel frå forvaltningsstyresmaktene, brukarar og oppsynet sine eigne erfaringar.

Der lokale SNO-stillingar er etablerte verkar dei i tillegg til eksisterande, gode oppsynsordningar, og utvikling/styrking av samarbeidet med desse er ei viktig oppgåve.

Til å utføre arbeidsoppgåvene vart det kjøpt oppsynstenester frå Lom Fjellstyre, Vågå fjellstyre, Vest-Jotunheimen Fjellføring , Luster kommune og private.

2.3. Personell

Følgjande personell har teke del i oppsynstenesta i Jotunheimen (arbeidsgjevar i parentes):

Personar i oppsynstenesta:	
• naturoppsyn (Statens naturoppsyn) 01.01. – 31.12 :	Esben Bø
• naturoppsyn (Statens naturoppsyn) 01.01. – 31.12 :	Rigmor Solem
• fjelloppsyn Lom (Lom fjellstyre) tenestekjøp kr. 125.000:	Odd Repp (hovudansvarleg) Øyvind Angard
• fjelloppsyn Vågå (Vågå fjellstyre) tenestekjøp kr. 85.000:	Knut Øyjordet (hovudansvarleg) Erik Myrum
• fjelloppsyn Luster (Luster kommune) tenestekjøp kr. 76.000:	Einar Fortun
• Vest-Jotunheimen Fjellføring privat kr. 45.000 :	Petter A Løvdahl
• Vang (privat) tenestekjøp kr. 60.000:	Thor Østbye

Tenestekjøpet dekkjer også oppsyn i nokre mindre verneområde i regionen.

Sakshandsamarar hos fylkesmennene var rådgjevar Tom Dybwad (Sogn og Fjordane) og overingeniør Harald Klæbo (Oppland).

2.4. Møte/synfaringar/kurs som direkte vedkjem forvaltning og oppsyn

Styringsgruppa for prosjektsatsinga "Nasjonalparker i Nord-Gudbrandsdalen: En bærekraftig og tiltaksretta satsing for å utvikle Nord-Europas nasjonalparkregion nr. 1 ("Nasjonalparkriket") oppnemnte ei arbeidsgruppe for skilting i samband med nasjonalparkar. Arbeidsgruppa si oppgåve var å gje råd på fagleg grunnlag om korleis ein felles skiltpolitikk for Nasjonalparkriket kunne utformast. Arbeidsgruppa var samansatt av medlemmer frå ulike organisasjonar (oppsynet i Jotunheimen var representert) og forvaltningsnivå. Rapport frå arbeidsgruppa vil kome i starten av 2005.

Den Europeiske nasjonalparkdagen vart markert i Årdal 22.-23.mai. Som i 2003 hadde oppsynet ei sentral rolle i gjennomføringa av arrangementet.

Det årlege planleggingsmøte i oppsynstenesta vart gjennomført 17. juni i Lom. Med bakgrunn i innspel frå forvaltingsstyresmakta og budsjett vart følgjande tiltak prioritert:
Skjøtsel Gjendebu-området, klopplegging og eventuelt ny bru på stigen til Bøverbreen, skjøtsel Besseggråket opp frå Gjendesheim, riving og utransport av sausperregjerde på nordsida av Gjende, følgje opp kavledekket i Vetle-Utladalen, koordinere kulturlandskapsskjøtsel i Heimre Utladalen, følgje opp Utladalen naturhus og sårbarhtskartlegging.

Feltsamlinga for oppsynet, med m.a. evaluering av arbeidsinnsatsen, vart arrangert 04.-05.august på Sognefjellet med overnatting i den nye oppsynshytta til Luster fjellstyre. I tilknyting til samlinga vart det utført oppsyn i Smørstabbre-området og i Fannaråk-området.

I veke 21 (mai) vart det gjennomført studietur til Snowdonia nasjonalpark i Wales. Representantar frå fylkesmennene, tilsynsutvala, DNT og oppsynet deltok. Formålet med studieturen var å sjå på stitilretteleggingstiltak for eventuelt å kunne overføra erfaringar frå Snowdonia til Jotunheimen. (SNO-rapport nr. 17 2004)



Frå studieturen til Snowdonia

Fellesmøtet for tilsynsutvala, som gjekk over to dagar 21. og 22.september, var lagt til Fondsbu. Fyrste dag av samlinga var avsett til synfaringar med tur til Trollsjøen og Koldedalen. Synfaring ved Trollsjøen var i samband med ein søknad om bygging av ny hytte der. Rigmor Solem orienterte om saka. Hytta er ma planlagt nytta for skuleklassar til undervisning i friluftsliv. Synfaringa i Koldedalen var i samband med parkeringsplass og veg inn Koldedalen. Om kvelden viste Thor Østbye ljosbilder frå Vang og verneområde i Vang. Vidare vart det orientert om inntrykk frå Snowdonia Nasjonalpark i Wales.

Dagen etter starta fellesmøtet med oppsummering av oppsynsarbeidet i 2004. Gjennomførte tiltak er teke inn i avsnitt 3.4. i årsmeldinga.

Marit Vorkinn frå Oppland fylkeskommune orienterte om nasjonalparksatsinga i Nord-Gudbrandsdalen. Målsetjingane med satsinga er auka verdiskaping i reielivsbedriftene i regionen, auka verdiskaping i tilgrensande næringar og verdiutvikling av kompetansen innan naturbasert reiseliv og nasjonalparkforvaltning. Satsinga har eit perspektiv på 10-15 år. Frå tilsynsutvalet i Luster vart det spurt om det ville bli samarbeid over fylkesgrensa. Dette stadfesta Marit Vorkinn gjennom ma Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt arbeid med bruk og vern.

I orienteringa frå tilsynsutvala vart det særleg lagt vekt på prosessen med revidering av forvaltningsplanen.

Frå fylkesmennene vart det orientert om arbeidet med revisjon av verneforskrifter og forvaltningsplan, arrangement i nasjonalparken, Olavsbu som naudbu, tryggleik og øvingar, tiltak v/ Store Skagastølstind, landskaps- og tiltaksplan for Memurubu turisthytte, skjøtselplan for Utladalen, Gjendebåten og ymse stiprosjekt.

I diskusjonen vart det ma konkludert med at hjelpekorpsa bør ha ein langsiktig plan for øvingar. Gjennom forvaltningsplanen må det gjevast noko opningar for øvingar. Vidare at hjelpekorpsa i Luster og Lom bør samordnast i verneområda. På Store Skagastølstind vil SNO ta ansvaret for å setje opp eit rappellfeste ned til Hjørnet. Frå diskusjonen om landskaps- og tiltaksplan for Memurubu turisthytte vart det ma understreka at det må vere lik handsaming av turisthyttene ved Gjende. På Gjende er det planar om ein ny turistbåt.

Rigmor orienterte om bruer og varding ved Vormeli. Det er viktig at villreinnemnda og grunneigarar får uttale seg før eventuelle nye tiltak blir satt i verk.

DNT orienterte om ymse tiltak i nasjonalparken, ma ønskje om ny hytte mellom Gjendesheim og Glitterheim.

Neste år er Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde 25 år. Det var semje om følgjande markeringar:

- det store stigprosjektet ved Gjendesheim (første del av Besseggruta)
- arrangement ved Norsk fjellmuseum og Utladalen naturhus

2.5. Arbeidssamandrag

Det arbeidet oppsynstenesta utførte i 2004 var på om lag 480 dagsverk (om lag 434 dagsverk i 2003). Av dette var 226 dagsverk (219 dagsverk i 2003) kontorarbeid, administrasjon møter og kurs og 254 dagsverk (215 dagsverk i 2003) synfaring/tilsyn/skjøtsel og reise/klargjering. Tal dagsverk utført av oppsynstenesta gjekk opp med om lag 46 dagsverk frå 2003 til 2004. Det meste av uteaktiviteten var som tidlegare konsentrert til sommaren. Frå Lom fjellstyre, Vågå fjellstyre, Luster kommune, Vest-Jotunheimen Fjellføring og Vang vart det kjøpt oppsynstenester for kr. 391.000.




Fig 1. Arbeid oppsynstenesta utførte i 1999, 2000, 2001, 2002, 2003 og 2004

Arbeid Statens naturoppsyn har utført utanom Jotunheimen og som ikkje kan knytast til Jotunheimen er ikkje teke med. Det same gjeld sakshandsaming utført av fylkesmennene eller administrativt arbeid utført av SNO. Fylkesmennene brukte til saman om lag 4 månadsverk på forvaltninga av Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde.

3. Status og aktivitet

3.1. Grenser og grensemerking

Grenseskilta ved dei mest nytta innfallsportane og turstia vart kontrollerte. Nokre grenseskilt blir kvart år erstatta med nye.

3.2. Endring av verneforskrift

Regjeringa varsla i revidert nasjonalbudsjett for 2003 ”Fjellmeldinga” at dei ville fjerne forbodet mot kommersiell turisme i Jotunheimen, Saltfjellet/Svartisen og Reisa nasjonalparkar. Ved kgl. res. 24.10.2003 i Regjeringa vart forbodet oppheva.

Fylkesmennene starta i 2004 arbeidet med å revidere verneforskriftene for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde.

3.3. Forvaltningsplan og skjøtselsplanar

Forvaltningsplanen for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart godkjend av Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i juni 1998. Planen vart, saman med eit notat der fråsegnene var omtala og kommentert, sendt om lag 230 adressatar. Erfaringane med praktiseringa av forvaltningsplanen til nå er god. Retningslinene som planen gjev vert respekterte. For forvaltningsstyresmaktene er planen ein god reiskap i forvaltninga, og den trekkjer opp tilhøvet mellom bruk og vern for brukarar og rettshavarar.



Rydding av kulturlandskapet ved Gjendebu

Det er også utarbeidd skjøtselsplanar for Heimre Utladalen og Gjendebuområdet som utfyller forvaltningsplanen, med gjennomført skjøtselsarbeid i områda.

I forvaltningsplanen er det m.a. peikt på at enkelte punkt i verneforskriftene bør endrast. Dette har tilsynsutvala fleire gonger peika på i samband med fellesmøta.

I 2004 blei det parallelt med revisjon av verneforskriftene sett i gang arbeid med å revidere forvaltningsplanen. Det blei oppretta ei referansegruppe med representantar frå alle dei 5 tilsynsutvala, Statskog, SNO, repr. frå private grunneigarar og Den Norske Turistforening. Bakgrunnen for å setje i gang revisjon av forvaltningsplanen var særleg m.o.t. reiseliv og at forbodet mot kommersiell turisme i Jotunheimen nasjonalpark vart oppheva i 2003.

Melding om oppstart av revisjon av verneforskrift og forvaltningsplan blei sendt til i alt 337 høyringsinstansar (193 høyringspartar i Sogn og Fjordane (inkl. sentrale) + 144 i Oppland).

Det ligg føre 2 godkjente skjøtselplanar for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsverneområde. Det er skjøtselsplan for Heimre Utladalen og skjøtselsplanen for Gjendebuområdet.

I 2004 vart det laga ein prosjektplan på stitilretteleggingstiltak på stiane til Besseggen. Dette er seinare kalt ”Stiprosjektet i Jotunheimen” og er eit samarbeidsprosjekt mellom Statens naturoppsyn – Jotunheimen, Lom Fjellstyre, Vågå Fjellstyre, DNT og Fylkesmannen i Oppland. I slutten av 2004 vart prosjektet tildelt 1,175 mill frå DN/SNO. Fylkesmennene, SNO, og representantar frå tilsynsutvala var på studietur i Snowdonia Nationalpark i Wales for å hauste erfaringar frå langvarig arbeid med stiar i område med høg ferdsle og erosjon (SNO-rapport nr. 17 2004).

3.4. Informasjon, skjøtsel og tiltak

3.4.1. Informasjon

I 2004 informerte oppsynet direkte om lag 1750 personar.

Oppsynet gjennomførte/støtta opp i fleire informasjonsopplegg for skular:
- 7. klasse i Lom på tur i Veodalen
- 8. klasse i Lom på tur i Utladalen med overnatting på Avdalen Gard
- friluftsgruppa på Lom vidaregåande, m.a. utsetting av fisk i nasjonalparken
- vegleding av 45 skuleelevar i samband med undervisningsopplegg for Utladalen
- vegleding av 45 9.- klassingar ved Avdal gard i samarbeid med politiet
- informasjon for skule i Luster
- forelesingar ved Høgskulen i Nord-Trøndelag avd Finsås og ved Høgskulen i Telemark avd Bø.
- aktivitetsdag for alle 4. klassingane for Farnes skule i september.

Elles har oppsynet delteke og informert på fleire arrangement. Det har og vore informert om oppsynsteneste i Jotunheimen i møter, ma i samband med verneprosessen for Reinheimen.

I Norsk Fjellmuseum har Norsk Høgfjell, Jotunheimen-, Jaktvåpen- og Mammut-utstillingane vore opne for publikum.

Den 10. juni 2004 vart Norsk Fjellmuseum 10 år. Sjølve dagen vart markert med forestillinga "Fara i fjell" med gruppa Glør. Markeringa vart gjennomført i samarbeid med kulturkontoret i Lom kommune.

25. juni vart ei ny eigenprodusert utstilling med tittelen "Reinen, folket og fjellet" opna.
Utstillinga har ein temadel som tar for seg reinen sitt levevis gjennom året og korleis den tilpassar seg livet over skoggrensa. Tekst, bilete, og teikningar syner korleis ein har drive jakt og fangst på rein frå steinalderen og fram til i dag. Det siste temaet er tamreindrifta i Jotunheimen, som har gått føre seg meir eller mindre samanhengande sidan tidlig på 1900-tallet. Utstillinga kom i stand i nært samarbeid med Lom Tamreinlag, Lom fjellstyre, Vågå fjellstyre, Finndalen fjellstyre, Statens naturoppsyn-Jotunheimen og Skjåk Almenning som gav økonomiske og faglege bidrag. Utstillinga har fått gode attendemeldingar frå publikum, og den har vore brukt som grunnlag for undervising ved skulane i Lom.

Av andre arrangement og aktivitetar i Fjellmuseet kan nemnast vinterfestivalen "Barske glæder" i mars 2004. Dette vart arrangert i fellesskap med Museet i Nord Gudbrandsdal og i samarbeid med Lom kommune. Det blei produsert ei lokal skihistorisk utstilling i Fjellmuseet der bygdefolket i Lom kom med gamle ski og anna utstyr knytt til vinterfjellet. Dette blei supplert med skiutstyr og bilete som blei lånt inn frå Skimuseet i Oslo. Vidare vart det arrangert familiekveld med filmvisning, foredrag om skihistorie og eit familieskirenn på Soleggen i Lom. Dette er planlagt som eit årleg arrangement. Elles var det foredragskveld med Cecilie Skog, som i 2004 var både på Mount Everest og gjekk på ski over Grønland.

Norsk Fjellmuseum var medarrangør for Lomskonferansen 2004 som gjekk av stabelen i midten av februar. Temaet for konferansen var: "Nasjonalparker og næringsutvikling – ein umulig kombinasjon?".

Miljøverndepartementer avvikla si årlege stadsutviklingskonferanse med 70 deltakarar frå departement og fylkeskommune i mai 2004. Norsk Fjellmuseum var medarrangør saman med Jotunheimen Reiseliv.

Tal besøkjande i Fjellmuseet i 2004 var 7902 personar (7765 personar i 2003).

Utladalen Naturhus markerte den europeiske nasjonalparkdagen 22.-23. mai. I naturhuset er det gratis inngang.

3.4.2. Skjøtsel/tilrettelegging

Oppsynet utfører kvart år faste skjøtseltiltak som renovasjon, ettersyn av tidligare utførte tilretteleggingstiltak og ettersyn/vedlikehald av grenseskilt og informasjonstavler.

Utladalen har som ein av få stader i Noreg tilbod om praksis og arbeid om sommaren for studentar som ledd i vidareutdanning. 8 praktikantar/studentar var engasjert i skjøtsel- og informasjonsarbeidet. Det er Stiftinga Utladalen Naturhis som koordinerar skjøtsels- og informasjonsarbeidet i Heimre Utladalen. Skjøtselstiltak i Utladalen er som tidlegare vidareført med bakgrunn i utarbeidd skjøtselsplan for området (godkjent i 1998).

Tiltaksdelen til skjøtselsplan for Gjendebuområdet, som vart godkjent i januar 2002, vart revidert med bakgrunn i synfaring 9. og 10. september i 2003. I samsvar med skjøtselsplanen vart det utført eit betydeleg opprydningsarbeid og krattrydding i områda ved turisthytta og seterkvea. I dette arbeidet deltok Lom fjellstyre, SNO, ein dugnadsgjeng frå DNT og vertskapet på Gjendebu.



Skjøtselsarbeid Krossbu

Råket frå Krossbu til Bøverbreen er ein viktig infallsport til breene i området.
Lom fjellstyre gjekk i gang med å legge halvklovninger av tømmer som gangbane på dei blaute partia av råket, for å motvirke auka terrengslitasje.
Dette arbeidet vil bli avslutta i 2005. Det vart kjøpt inn ny aluminiumsbru som skal nyttast over Leira.



Ny informasjonstavle, Turtagrø

Som tidlegare er det gjennomført vedlikehaldsarbeid på parti av Bessegg-stigen opp frå Gjendesheim.
Det gamle sausperregjerdet ved Hamnsanden vart teke ned og frakta ut på vinterføre.
Vidare vart det satt opp ny informasjonstavle ved Turtagrø.

Av andre gjennomførte tiltak nemnast:

- rydda og merka ny sti frå Reinsvangen og opp mot Gjendehalsen (i regi av Vågå kommune)
- sluttført arbeidet med bruksendring av Skagastølsbu (DNT)
- restauret grunnmur ved Hagaberg for oppføring av ny løe (Petter Løvdahl)
- laftekurs ved Avdal Gard og ført opp ny Dalasteigløe (Stiftinga Avdal Gard)
- gjennomført skjøtsel i tilknyting til parkeringsområdet ved Hjelle og langs Vettisvegen (Stiftinga Utladalen Naturhus)

3.4.3. Registrering/dokumentasjon



Dyregrav i Gravdalen, Luster kommune

I samband med oppsynsarbeidet blir naturtilstanden registrert og dokumentert ma for å kunne følgje med i utviklinga i området over tid.
Vidare blir faste installasjonar og kulturminne registrert.

Følgjande utførte oppgåver nemnast:

- kartlegging av det biologiske mangfaldet i kulturlandskapet ved Gjendebu (Miljøfagleg Utredning A/S
- 2 kartleggingar i samband med biologisk mangfald på Vettismorki, Avdalen og Hjelledalen
- fagleg vurdering av tilstanden ved Memurubu turisthytte med forslag til utforming og tiltak (Faste Landskapsarkitekter)
- vilt og bestandsregistrering med hovudvekt på rovvilt (rovvilt etter Nasjonalt overvakingsprogram)

3.5. Tiltak som har fått særlege tilskot

Følgjande tilskot (i 1000 kr.) vart gjeve til særlege tiltak i nasjonalparken og landskapsvernområdet:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

• Kulturlandskapskjøtsel i Heimre Utladalen (SMIL)	kr. 209.000
• skjøtsel- og informasjonstiltak Utladalen naturhus	kr. 40.000
• Tilskot biologisk kartlegging gamalskog på Vettismorki	kr. 35.000
• Tilskot P-plass Koldedalen (like utafor LVO)	kr. 20.000

Fylkesmannen i Oppland

• skjøtselsplan Gjendebuområdet	kr. 30.000
• landskaps og tiltaksplan for Memurubu	kr. 12.500
• bygging av forstøttingsmur, v/toalett ved brygga, Memurubu	kr. 25.000
• tilskot til bygging av toalett for Gjendebåten	kr. 80.000

Utanfor parken gav Fylkesmannen i Oppland i tillegg midlar til opparbeiding- og tilretteleggingstiltak ved innfallsportane Koldedalen, Eidsbugarden og Gjendeosen.

Statens naturoppsyn:

• Lom ungdomsskule til undervisningsopplegg i Utladalen	kr. 6.200
• skjøtsel Gjendebu	kr. 1.400
• klopplegging og ny bru Bøverbreen	kr. 33.200
• prosjektet "Trivsel i Jotunheimen (Norsk fjellmuseum)	kr. 30.000
• kartlegging av biologisk mangfald i furuskogen på Vettismorki og edellauvskogen i Avdalen og Hjelledalen	kr. 25.000

3.6. Sakshandsaming

Fylkesmennene handsama 37 saker som galdt verneområda (17 saker i Oppland, 20 saker i Sogn og Fjordane). 14 av desse var saker knytt til Utladalen landskapsvernområde. Nokre av sakene vart ikkje avslutta i 2004.

3.7. Ferdsel

3.7.1. Ferdsel til fots og på ski

Det vart registrert ein liten auke i bruken av Vest-Jotunheimen. Dette galdt særleg Utladalen med utgangspunkt Eidsbugarden og noko meir trafikk i området nord for Eidsbugarden i tida i- og rundt vinterferien. Det er framleis ei auke i ferdsla i Koldedalen, mot bre- og tindeområda i Årdal og Vang. Ved Gjende har parkeringstilhøva betra seg ved at Reinsvangen er meir brukt. Det er ein auke i ferdsla over Knutshø (Vågå) og parkeringsplassen ved Vargebakken er mykje nytta. Elles fylgjer dei fleste turgåarane Besseggråket og andre T-merka stiger. Aktivitetane til dei kommersielle selskapa har vore om lag som før, eller ein liten nedgang.




Fig. 2 Tal overnattingar ved DNT sine hytter, 1986-2004

I fig. 2 er tal på overnattingar ved DNT sine hytter i verneområda, medteke Gjendesheim, sett opp. Samanlikna med året før har tal overnattingar gått ned med om lag 2810 (frå 36831 i 2003 til 34021 i 2004).

Tal transporterte turistar med båtane på Gjende var omlag 32500. Nærare 80% løyste billett til Memurubu og ca. 20 % til Gjendebu.

3.7.2. Motorferdsel

Det vart handsama 7 saker for Sogn og Fjordane, 1 for Jotunheimen NP, 4 for Utladalen LVO og 2 i båe verneområda. 1 av dei galdt helikopter og 6 snøskuter. 2 av sakene galdt bruk av snøskuter i samband med redningsøving (Røde Kors, Norsk Folkehjelp). Bruk av helikopter var i samband med opptak av naturprogram for TV. Alle søknader om motorferdsel i Sogn og Fjordane fekk løyve i 2004. I Oppland vart det handsama 8 saker, og det vart gjeve 5 dispensasjonar. 2 av dispensasjonane vart redusert i høve til søknadane.

Oppsettet nedanfor viser omfanget av motorferdselsakar dei 6 siste åra.

Motorferdselsaker 1998-2004:

	Tal søknader							Tal løyver						
	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004
Snøskuter	9	9	7	7	5	7	9	8	8	7	7	5	6	8
Båt	2	2	0	0	2	2	1	2	2	0	0	2	2	1
Helikopter/fly	7	9	6	9	1	5	4	7	4	6	9	1	5	2
Bil/barmark	4	5	5	10	2	2	1	4	5	5	8	2	2	1
Andre	2	1	3	2	3		0	2	1	2	1	3		0
Sum	24	26	21	28	13	16	15	23	20	20	25	13	15	12

I rubrikken ”andre” inngår fleirårig løyve gjeve til DNT i samband med drifta av turisthyttene og turrutenettet (bil, båt, snøskuter) og løyve gjeve i samband med vedlikehald/drift av ein støl i Utladalen (helikopter, snøskuter).

3.8. Reiseliv/kommersiell verksemd/arrangement

Med ”Fjellmeldinga”ynskte regjeringa å opne for auka miljøtilpassa turistverksemd som ikkje er i konflikt med verneformåla i nasjonalparkane. Nokre område skil seg ut som særleg etterspurde i reiselivsamanheng, som Besseggen, Galdhøpiggen, Smørstabbreen, Store Skagastølstind i Hurrungane og Koldedalen med m.a. Uranostind og Falketind.

Forvaltninga legg vekt på å ha god kontakt med dei som driv organiserte turopplegg.

Det vart også dette året arrangert to telemarksrenn i nasjonalparken, eit i Visdalen i Lom, ”Galdhøpiggrennet”, og eit ved Turtagrø i Luster, ”Tinderittet”. Oppsynet registrerte ikkje uheldige tilhøve i samband med arrangementa. Fylkesmannen i Oppland gav i 2002 fornya 3-årig løyve til å arrangere ”Galdhøpiggrennet” med eit deltakartal avgrensa til 350. I 2004 vart det gjeve løyve til deltagertal på 400 som ein prøveordning for 2004 og 2005, under føresetnad at rennet vert avvikla på ein dag. ”Tinderittet” fekk nytt 3-årig løyve i 2003, med eit tak på 350 deltakarar. ”Fannaråken Duathlon”, ein kombinert sykkel- og løpskonkurranse fekk løyve som prøvearrangement i 2003, med inntil 50 deltakarar i konkurranseklassa.

3.9. Landbruk

Storådalsdrifta hadde 79 storfe på beite i Veslådalen-Storådalen-området. I Veodalen var det 78 storfe, 17 merrer med hingsten Lunnergråen og 5 føll. Russdalen og Besstrondfjellet er viktige beiteområde for sau. Utladalen sameige starta opp att med sauebeiting i Gjertvassdalen,-/Guridalen-/Kongsdalen-området. I dette området gjekk det om lag 600 sau.

I Utladalen gjekk det 140 geitekillingar, det same som året før. Vidare var det i samband med kulturlandskapskjøtsel 60 sauer på beite ved Skåri og ved Vetti i Utladalen.

Lom tamreinlag og Vågå tamreinlag nyttar dei austlege områda av nasjonalparken som beite for tamrein. Talet på rein er stabilt med til saman om lag 4500 rein i vårflokk (tal på rein etter slakteuttak).

3.10. Dyr, fugleliv og jakt

Området vest for Utladalen blir nytta av villrein frå Vest-Jotunheim-stamma. Stamma har vore aukande og vinteren 2004 vart den rekna til omlag 400 rein. Trekk og beiteområda for villreinen i nasjonalparken er avgrensa og det er viktig at tilhøva blir lagt til rette for at desse ikkje blir redusert.

I Luster sin del av verneområda vart det felt 2 reinar og 1 hjort. I Årdal sin del av verneområda vart det felt 1 elg og 7 hjortar (-området Vettismorki / Hjelledalen / Avdalen / Stølsmaradalen) Elg- og hjortestamma i Utladal-området blir vurdert til å vere stabil. Ved Gjende var det ikkje elgjakt.

Det vart også i 2004 gjennomført bestandsregistrering av jerv. I verneområda vart det ikkje funne noko som tyder på yngling. Det var flest sporobservasjonar på Sognefjellet, i området Stor-Utladalen – Vetle-Utladalen og Ringsdalen sør-vestover mot Berdalen.

Det er ikkje rapportert om synsobservasjonar eller sporteikn frå fjellrev.

Bestandane av fugl synest å vere stabilt når ein tek med ”naturlege” svingingar frå år til år.

3.11. Bygging og andre inngrep

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gav løyve til/godkjente:

- fjerne delar av gamal bru ved Skåri, Utladalen LVO
- oppattbygging av løe og fjøs på Hagaberg, Utladalen LVO.
- oppføring av tørkestove for Ingjerdbu (privat, låst med DNT-nøkkel) i Utladalen LVO

Sprøyting av vegetasjon langs Folkevegen til Vetti fekk avslag.

Fylkesmannen i Oppland gav løyve til/godkjente:

- tilbygg (sanitærbygg) Gjendebu
- diverse tiltak på Gjendebu; ny fortøyingsstad for kvegprammen, grøfting ved vegen frå brygga, sanering av unødige vegar, utvida graving i samband med nytt sanitærbygg.

3.12. Forsking/registrering

Det blir gjennomført forsking og naturovervaking innanfor nasjonalparken. Mykje av dette er knytt til vurdering av breaktivitet og naturtilhøve som kan kaste lys over verknader av klimaendringar. Verksemda vert drive av NVE og universiteta. Det vart registrert stor nedsmelting av breane.

Stiftinga Utladalen Naturhus starta i 1999 opp eit forprosjekt som vart kalla " Utladalen Levande Landskap ". Forprosjektet vart finansiert av Finsefondet sit Miljøstipend for 1999. Formål og målsetting med prosjektet er å innrette og bruke Utladalen som eit laboratorium for å ivareta biologisk verdifulle miljø og biologisk mangfald. Laboratoriet skal brukast til registrering, overvaking og positiv innverknad på samspelet mellom menneskeskapte miljøfaktorar, naturmiljø og organismar. Det er ei referansegruppe for forprosjektet der Høgskulen i Sogndal, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Årdal kommune, Hydro Årdal og Statens naturoppsyn er med. Tanaquil Enzensberger er prosjektkoordinator. Grunna mangel på midlar har det ikkje vore arbeidd med prosjektet i 2003 og 2004.

3.13. Forsøpling, skader og ulemper

Generelt er det lite søppel i området. Det vart rydda noko søppel ved startpunkta for føring over breen til Fannaråken. Gamle strengar som var nytta til bru over Utla i Storutladalen er rydda saman, men ikkje frakta ut. Vidare ligg det restar etter gamal bru ved Tavla som ikkje er frakta ut. Det ligg og eldre bygningsmateriell ved Hestjønna som skal fraktas ut.

Det er registrert markslitasje på/ved nokre av dei mest nytta leirplassane og turrutene også i 2004, td på råket mellom Spiterstulen og Leirvassbu og på råket frå Spiterstulen til Svellnosbreen. Mellom Urdadalen og Heillstuguåe gjekk det i snøsmeltinga eit lite jordras som la att ein god del stein og lausmassar på terrengoverflata heilt ned mot Visa. Utlegging av kavledekke i Vetlutladalen ser ut til å fungera og slitasjen i området gror fint til att. Stigen mellom Skogadalsbøen og Vettismorki ber preg av slitasje/erosjon. Kløvstigen mellom Avdalsbrua og Avdal Gard er stadig utsett for utrasing og steinsprang. Delar av Besseggstien vart veita og mindre tiltak for å kanalisere trafikken vart gjennomført.

2 personar vart meldt til politiet for ulovleg snøskuterkøyring. Det vart gjeve 6 åtvaringar, m.a. for lause hundar.

4. Hovudinntrykk frå nasjonalparken og landskapsvernområdet i 2004

Tilhøva i verneområda verka stabile både i høve til naturtilstanden og tal besøkjande. Nokre stader er det tydeleg og sterk slitasje som bør følgjast opp. Dyr- og fuglelivet er stabilt og variasjonar i bestandane synest normale. Ved planlegging av tilretteleggingstiltak bør det takast omsyn til dyre- og plantelivet. Til dømes bør det takast spesielt omsyn til villreinstamma i Vest-Jotunheimen.

Samla for heile året verka ferdsla for å vere stabil. Det vart registrert ei lita auke i Vest-Jotunheimen, slik som i Koldedalen, mot bre- og tindeområda i Årdal og Vang og i Utladalen med utgangspunkt Eidsbugarden .I Gjendeområdet er det registrert mange som går over Knutshøe. Det er truleg noko mindre kommersiell føring. Dei sentrale områda av verneområda blir lite nytta til friluftsaktivitetane jakt og fiske.

****

Vedlegg

Adresser til tilsynsutval i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde

Lom kommune: Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark i Lom
Adresse: postboks 94, 2688 Lom
Leiar: Jon Sjurgard, 2686 Lom
Sekretær: fjelloppsyn Odd Repp

Vågå kommune: Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark i Vågå
Adresse: postboks 16, 2684 Vågå
Leiar: Sverre Bråten, 2682 Lalm
Sekretær: fjelloppsyn Knut Øyjordet

Vang kommune: Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark i Vang
Adresse: fjellstyrekontoret, 2966 Slidre
Leiar: Geir Moen, 2975 Vang i Valdres
Sekretær: fjelloppsyn Endre Hemsing

Årdal kommune: Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i Årdal
Adresse: Årdal kommune, P.b. 40, 6881 Årdalstangen
Leiar: Vidar Sylvarnes, 6884 Øvre Årdal
Sekretær: Gunvor Nordås

Luster kommune: Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i Luster
Adresse: Einar Fortun, Luster kommune, 5820 Gaupne
Leiar: Anders Fortun, 5833 Skjolden
Sekretær: fjelloppsyn Einar Fortun

Adresser og telefon til fylkesmenn

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, postboks 43, 6861 Leikanger, tlf. 57 65 50 00

Fylkesmannen i Oppland, Serviceboks, 2626 Lillehammer, tlf. 61 26 60 00

Adresse og telefon til oppsyn

Statens naturoppsyn Jotunheimen:
Kontor Norsk Fjellmuseum, 2686 Lom, telef. 61211699,
mob. 95722733

Kontor Klukkarhaugen, 2975 Vang, telef. 61367171, mob. 94736975

Fjelloppsyn Lom: Odd Repp, Lom fjellstyre, 2686 Lom, telef. 61211670, mob. 91697613
Øyvind Angard, Lom fjellstyre, 2686 Lom, telef. 61211670,
mob.94190967

Fjelloppsyn Vågå: Knut Øyjordet**,** Vågå fjellstyre, 2680 Vågå, telef. 61237040,
mob. 94191931
Erik Myrum, 2680 Vågå, Vågå fjellstyre, telef. 61237040,
mob. 94148813

Fjelloppsyn Vestre Slidre (Vang): Endre Hemsing, Vestre Slidre fjellstyre,
fjellstyrekontoret 2966 Slidre, telef. 61345000, mob. 95288222

Fjelloppsyn Luster: Einar Fortun, Luster kommune, 5820 Gaupne, telef. 57685500,
mob. 94504693

Aktuelle/nyttige internettadresser:

www.jotunheim.no

www.naturoppsyn.no

www.fjell.museum.no

www.utladalen.no

postmottak@fmop.no

postmottak@fm-sf.stat.no